

Årsrapport 2023

Norsk ICOM

I 2023 har verksemda gått som normalt. Erfaringane frå pandemiperioden har ført til at vi no gjennomfører fleire styremøte over nett (Teams eller Zoom). Det fungerer greitt, men kan ikkje erstatte fysiske møte heilt ut. Styret starta eit arbeid i 2023 med å auka fokuset på synleggjering av ICOM i ulike samanhengar. Det vil vera eit viktig arbeid framover å delta på ulike arrangement, som t.d. Arendalsuka, der vi vil synleggjera Norsk ICOM sitt arbeid gjennom ulike arrangement saman med Norges Museumsforbund. Det vil truleg føre til meir merksemd frå museumsfolk og politikarar på etiske spørsmål knytt til museumsfeltet.

ARBEIDSMÅL

Norsk ICOM har hatt følgjande overordna arbeidsmål i 2023:

1. Styrka internasjonal deltaking gjennom å stimulera dei norske musea og tilsette til aktivt å delta i internasjonale aktivitetar og komitéarbeid. Tiltak i 2023: Tilby reisestøtte for deltaking i internasjonale møte. Delta på årleg møte i ICOM NORD. Deltaking på internasjonale møte i ICOM.
2. Vidareutvikle arbeidet med museumsetikk. Tiltak i 2023: Førebuing av pilotprosjekt for implementering av det konkretiserte etiske regelverket ved musea. Det vil bli gjennomført eit pilotprosjekt saman med Norges Museumsforbund i 2024 med fokus på bruk av dei etiske retningslinjene gjennom samlingar ved nokre museum. Dei etiske retningslinjer er omsett til engelsk og vil bli publisert våren 2024.
3. Vidareføre arbeidet med Blue Shield og arbeidet mot ulovleg handel med kulturarv. Tiltak i 2023: Delta i arbeidet i den norske Blue Shield-komiteen. For meir info sjå under.
4. Medverke til ein generell kompetanse- og kvalitetsutvikling for både enkeltpersonar og institusjonar. Tiltak i 2023: Vidareutvikle kommunikasjon med medlemmene med vekt på digitale løysningar. Publisere reiserapportar (alle som får reisestøtte må levere reiserapportar som blir publisert på heimesida). Promotere den internasjonale museumsdagen. Formidle informasjon om internasjonale webinar/seminar/konferansar på nett for medlemmene.

FAGLEGE REISER

Det var 11 medlemer som fekk reisestøtte i 2023. Reiserapportane er tilgjengelege og lagt ut på Norsk ICOM si heimeside. Her er nokon av reisemåla: Valencia, New York, Mexico City, Lisboa, Porto, Costa Rica og Budapest. Del fleste av esse drog til ICOM-CC konferansen (Working Towards a Sustainable Past) i Valencia i september.

ICOM NORD

Norsk ICOM er representant i ICOM Nord ved Lasse Tjønnøy. Håkon Roland, som tidlegare sat i styret i Norsk ICOM, er vara. Alle møta unntatt eitt har vore digitale. I ein periode vart det gjennomført månadlege statusmøte. Det vart gjennomført fysisk styremøte/samling i København i mai 2023. Det vart gjennomført årsmøte (Annual-Meeting) digitalt i slutten av november. Med denne regionale alliansen ICOM Nord kan vi løfte fram saker frå dei nasjonale komitéane slik at Norden står sterkare.

ETIKK

Konkretiseringsprosjektet

Det etiske regelverket er omsett til engelsk og vil bli publisert våren 2024.

Det er planlagt eit pilotprosjekt ved musea for å implementere det etiske regelverket. Dette vil bli gjennomført i 2024 i samarbeid med Norges Museumsforbund. Det konkretiserte regelverket er også sendt inn til ICOM sentralt, som har starta ein revisjon av det gjeldande etiske regelverket til ICOM. Arbeidet Norsk ICOM har gjort med konkretiseringsprosjektet er lagt merke til internasjonalt og fleire land har sett i gong arbeid med det etiske regelverket med det norske arbeidet som førebilete. Styreleiar har m a halde foredrag (på nett) for ICOM Nederland om arbeidet med konkretiseringa.

SAMISK KULTURARV

Norsk ICOM har etter innspel frå de samiske musea bestemt seg for å lage ein informasjonsfilm om det samiske samfunnet sin rett til eigen kulturarv, og der igjennom tilbakeføring av samiske gjenstandar og kva for betydning slike prosessar har i det samiske samfunnet. Vi er i dialog med eit firma som kan laga ein slik film, og vil søke meir midlar for å få eit godt og informativt prosjekt.

DEN NORSKE BLUE SHIELD-KOMITEEN (BSN)/ TRUET KULTURARV

Norsk ICOM er representert i Den norske Blue Shield-komiteen (BSN) ved Håkon Roland som p.t. er leder av komiteen og Atle Ove Martinussen. BSN har fortsatt arbeidet med å endre policy og forskrifter for import og eksport av kulturgjenstander til og fra Norge.

De viktigste sakene som BSN har engasjert seg i og deltatt på i 2023 var:

Ulovlige kulturgjenstander:

BSN har gjentatte ganger vært i kontakt med Kultur- og likestillingsdepartementet og etterlyst ny policy og forskriftsendringer for import og eksport av kulturgjenstander til og fra Norge. Revisjon av import/eksportregler for kulturgjenstander er tatt ut av mandatet til Lovutvalget for ny Kulturmiljølov (som erstatter Kulturminneloven), og vi har etterlyst prosess for hvordan dette skal følges opp videre. Håkon Roland (HR) samarbeidet med Oslopolitiet, en antikvitethandler og Tunisias ambassade om beslag av 30 puniske mynter (220-210 fvt.) fra et ulovlig funn utenfor kysten av Tunisia. KUD ba HR ha ansvar for repatriering av beslaget i samarbeid med tunisiske myndigheter. HR var i Tunisia i mars 2023, og deltok i samtaler med landets kulturminister, felles pressekonferanse og seremoni for overrekkelse av gjenstandene. HR hadde samtaler om erfaringer, tiltak og mulig samarbeid med Institut national du patrimoine («Riksantikvaren») i Tunisia og kulturarvseksperter under oppholdet. I desember 2023 resulterte aksjonen mot samleren Martin Schøyen og beslaget av deler av hans Irakiske samling i retur av den såkalte Babylons tårn-stelen til Irak.

Samarbeid med Forum for beredskap og restverdisikring (FORK):

FORK som består av representanter fra Riksantikvaren, Riksarkivet, Kulturrådet, Kunst i offentlig rom, Finans Norge, Kirkens arbeidsgiverforening og Nordisk konservator forbund. Det har ikke vært aktivitet i FORK i 2023.

Den internasjonale Blue Shield komiteens (BSI):

BSN deltok og stemte ved BSIs generalkonferanse 2023. BSN har levert revidert strategi og årsrapport for 2023 iht BSIs nye maler og retningslinjer. BSN har fulgt opp BSIs informasjon om situasjonen og tiltak i Ukraina og i Gaza.

Konferanser/workshops/seminarer:

Tolletatens etterretningscenter. Om ulovlig kulturarv i Norge, Oslo, 21.3.2023

Riksantikvaren, Tverrsektorielt nettverksmøte om Haag 54, Oslo, 27.3.2023

KORO, Kulturarv i Ukraina, Oslo, 18.4.2023

ICORN, Friby, Panelsamtale med Basem Marden om kulturarv i Irak, Stavanger, 26-7.4.2023

Riksantikvaren, Kulturarv i krig og konflikt, beredskap i fredstid (online), 15.5.2023

Baltic Sea Heritage Conference 8, «Heritage in Crisis», Gdansk, 11-13.9.2023

Arbeidsgrupper/NGO'er:

Blue Shield International, Monthly national committees' meetings

Kultur- og likestillingsdepartementet, Nettverksmøter for kulturkriminalitet (overtas av Økokrim fra 2024)

Riksantikvaren, Arbeidsgruppe for implementering av Haag 1954, 2. protokoll

Kulturdirektoratet, Nettverksgruppe for vedtaksinstitusjoner (utførelse)

Forvaltning:

Rådgiver for politi og tolletaten

Høringsuttalelser lov/forskrift innførelse/utførelse

Utstilling i samarbeid med Tunisias ambassade, politibeslag fra Oslo (mars 2023)

Deltakelse i befaringer og aksjoner

Stående beredskap Pandora VI (hele september 2023)

Repatriering av ulovlige kulturgjenstander fra Tunisia. Tunisia 8-13.3.2023. Møter med Tunisiske myndigheter/Riksantikvar, kulturkriminalitetsekspert, pressekonferanse og møte med Tunisias kulturminister.

Medieinnslag:

Flere intervjuer i Klassekampen og Morgenbladet om situasjonen i Ukraina og Gaza.

Intervjuer i Uniforum, Klassekampen og Morgenbladet om beslag fra Tunisia.

Intervju i Morgenbladet om beslag fra Martin Schøyens samling av irakiske kulturgjenstander.

SAMARBEID MED ANDRE INTERNASJONALE KOMITÉAR

Norsk ICOM har eit tett og godt samarbeid med dei nordiske komitéane. Det er gjennomført fleire møte i 2022 (nett). Norsk ICOM er representert i den regionale alliansen ICOM Nord.

DEN INTERNASJONALE MUSEUMSDAGEN

Det er informert norske museum om den internasjonale museumsdagen.

ADMINISTRATIV VERKSEMD

Styret

Etter årsmøtet 2023 vart det følgjande samansetjing av styret:

Leiar/styremedlem: Atle Ove Martinussen

Sekretær/styremedlem: Birgitta Fossum

Kasserar/styremedlem: Lasse Tjønnøy

Andre styremedlem: Charis Gullickson, Gazi Özcan, Maja Leonardsen Musum og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn

Medlemskap

Oversikt over medlemmer Norsk ICOM:

Studentar: 19

Senior: 167

Personleg: 660

Institusjonsmedlemmer: 88

934 medlemmer totalt

Kontakt med medlemene

Norsk ICOM si nettside <https://facebook.com/norskicom/> har vore medlemmene sin viktigaste kanal for å få informasjon om komitéen si verksemd. Annan aktuell informasjon har i hovudsak vore delt på Facebooksida vår, som i 2023 hadde 933 følgjarar. 73 nye følgjarar i 2023. Årsmøtet i Norsk ICOM er også ein viktig møteplass for medlemene. Årsmøtet vert gjennomført under det nasjonale Museumsårsmøtet (NMF) i Bodø 2024.

Samarbeid med andre

Norsk ICOM fekk i 2023, som tidlegare år, økonomisk støtte frå Norsk Kulturråd, og har hatt fagleg samarbeid med denne institusjonen. Gjennom samarbeid i Blue Shield-komitéen har Norsk ICOM kontakt og samarbeid med søsterorganisasjonane ICOMOS (kulturminne), IFLA (bibliotek) og ICA (arkiv). Norsk ICOM er med i alliansen ICOM Nord og samarbeider også med dei andre nordiske ICOM komitéane. Norsk ICOM kjøper kontortenester hos Norges Museumsforbund og samarbeider med denne organisasjonen i ulike samanhengar, m.a. om museumsårsmøtet og i etiske saker som vedkjem musea. Norsk ICOM fungerer også som rådgjevar i etiske spørsmål ved musea. Norsk ICOM har ved ei rekkje høve uttalt seg i etiske spørsmål knytt til museumssektoren i m.a. Klassekampen og andre fora. Kontakt og samarbeid med ICOM sitt hovudsekretariat i Paris er ein viktig del av arbeidet i Norsk ICOM, og vert ivarettatt dels av styreleiar/styret og dels av sekretæren i Norges Museumsforbund (deltidsstilling i Norsk ICOM). Vi har inntrykk av at aktivitetsnivået og fagleg arbeid i Norsk ICOM, både nasjonalt og internasjonalt, blir lagt merke til og verdsett av leiing og sekretariat i ICOM Paris. Det konkretiserte etiske regelverket er omsett til engelsk og vil bli tilgjengeleg for heile ICOM i løpet av våren 2024. Dei fortløpande sakene gjeld mellom anna godkjenning av nye medlemmer, utskrivning av medlemskort, erstatning av tapte kort og sjølvsgatt innbetaling av kontingenten frå medlemmene, der storparten går til ICOM sentralt i Paris. I tillegg er Norsk ICOM rådgjevar i høve musea i etiske dilemma og meir generelle spørsmål om etikk.

Februar 2024

Atle Ove Martinussen Styreleiar